

Villreinnemnda for Sogn og Fjordane

NVE
Postboks 5091, Majorstuen
0301 Oslo

Dykkar ref.:
200806553-16, 200806624-
10, 200806733-12,
201102933-9, 201103326-12,
201306949-5, 200902920-14,
ksk/rmo og ksk/sosb

Dykkar dato:
17.01.2014

Vår ref.:
2-ffj/14-swb

Vår dato:
30.04.2014

Høyringsinnspel; konsesjonssøknad for 7 småkraftverk i Jølster og Gloppen kommunar

Me syner til brev datert 17. januar som inviterar til å kome med høyringsinnspel ang. 7 ulike småkraftsaker, med høyringsfrist 02.05.2014. 4 av dei omsøkte kraftverka ligg i nærleiken av Førdefjella villreinområde, dette er Øvrebø kraftverk, Helgheim kraftverk, Kupekraft kraftverk og Neselva II kraftverk. Villreinnemnda sin høyringsuttale vil difor berre gjelde desse fire prosjekta. Minst 3 av kraftverka har inntaket så høgt at støyverknadar frå anleggsarbeidet vil nå inn i villreinområdet (Kupekraft, inntak kote 778, Helgheim, inntak kote 469 og Øvrebø, inntak kote 523). Eitt av kraftverka (Kupekraft) har inntak innanfor leveområde for villrein, jfr. nyleg utarbeidd kart over leveområde i Førdefjella villreinområde (vedlagt). Stegsvatnet, som i hovudalternativet vil fungere som magasin for denne utbygginga (innanfor naturleg vasstandsvariasjon), ligg dessutan innanfor Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde. Villreinnemnda ser det som eit stort paradoks at ein planlegg nye fysiske naturinngrep i eit verneområde.

Inntaksdammene er små som fysiske inngrep. Dei vil ikkje hindre trekk eller legge beslag på beiteareal. Det er ikkje kjent at villrein reagerer negativt på mindre, faste installasjonar som står i ro. Det er menneskeleg ferdsel knytt til installasjonane som kan uroe dyra. Dei største utfordringane i høve villrein og kraftutbygging er i samband med neddemming av trekkruiter og beslaglegging av beiteareal. Nye kraftlinjer kan og i mange tilfelle skape nye trekkbarrierar. Anleggsveggar kan verte trekkhinder dersom dei har murar eller skjeringar. Lokalisering og utforming av massedeponi kan og vere ei utfordring. Anleggsveggar kan dessutan føre til ny eller auka ferdsel inn i område der dyra elles ville funne fred. Når det gjeld dei omsøkte prosjekta er det ynskje om ny traktorveg opp til inntaket for Kupekraft som bekymrar villreinnemnda. Når det gjeld Helgheim og Øvrebø går det allereie vegar opp til, og også vidare forbi, den høgda inntaka ligg i. Evt. korte vegar frå eksisterande veg til sjølve inntaka i desse to prosjekta vil ikkje generere ny ferdsel.

Ei felles utfordring med dei omsøkte prosjekta i høve villrein ligg i anleggsperioden, der høg aktivitet, støy, og høgst truleg helikopteraktivitet, vil kunne føre til at reinen trekk seg unna. Villreinnemnda etterlyser ei vurdering av konsekvensane for villrein i anleggsperioden i konsekvensutgreiinga for biologisk mangfald, og i søknaden. Areala ovanfor Kupekraft, Helgheim og Øvrebø er i hovudsak sommarbeite. Starttidspunkt for anleggsarbeidet har då mindre å seie enn for tilsvarande prosjekt der støyen kan nå kalvingsområde. Neselva II kraftverk vil få inntak på kote 380, dvs. djupt nede i Kannalen, som er ein bratt dal med høge, stupbratte dalsider. Fjellområda ovanfor er sterkt kupperte med alpine fjellformasjonar. Innan lyden når til fjells vil han truleg vere sopass avdempa at han ikkje vil skape vesentleg stress for dyra. Areala i ovanforliggande fjellområde er ikkje nytta til kalvingsland.

Særlege merknadar til prosjektet Kupekraft:

Som nemnd ligg inntaket, og øvste del av rørgata for Kupekraft innanfor leveområde for villrein. Den mest trulege perioden der det kan komme dyr inn i, eller i nærleiken av anleggsområdet er om sommaren. Dette vil samanfalle med perioden det er mogleg å gjennomføre anleggsarbeid. Det vil difor vere viktig at det vert teke omsyn til evt. dyreflokkar som kjem inn i området. Erfaringsmessig er det mindre flokkar, og då gjerne bukkeflokkar, som nyttar sommarbeitene i denne sørlege delen av villreinområdet.

Villreinnemnda for Sogn og Fjordane

I konsesjonssøknaden vert det sagt at det er ynskjeleg å la den midlertidige anleggsvegen, som skal fylgje røyrгатetraseen, omarbeidast til ein traktorveg etter avslutta anleggsperiode. Konsekvensane av å få ein ny traktorveg opp til Stegsvatnet er *ikkje* utgreidde i vedlagte konsekvensutgreiing for biologisk mangfald. Denne rapporten diskuterer derimot revegetering i røyrгата, der det vert gjort merksam på at dette tek lengre tid i snaufjellet enn i skogsområde. Det er tydeleg at tilbakeføring til naturleg vegetasjon har vore utgangspunktet for vurderingane av konsekvensar. Villreinnemnda vil åtvare mot ein ny veg som vil gå heilt opp i snaufjellet. Denne kan verte utgangspunkt for auke i ferdsla innover mot meir sårbare delar av villreinområdet. Frå Lægestøylen (lengre ned i dalen) startar fotstien mot Langevasshytta, som er ei sjølvbetjent DNT hytte. Hytta ligg i eit mykje nytta beiteområde, men har i dag eit bruksnivå som er i liten konflikt med rein. Stiane inn mot (og ut frå) hytta frå både nord og vest går gjennom viktige villreinhabitat, og kryssar og går dels parallelt med viktige trekkruiter. Villreinnemnda fryktar at ei vesentleg auke i fotturisme langs desse stiane kan føre til at ein når eit terskelnivå for uroing slik at det vert skapt trekkbarrierar for rein. Med det vil verdifulle beiteområde kunne gå ut av bruk. Me ynskjer generelt at alle private vegar (for bil eller traktor) inn i fjellet vert stengde med bom, der berre dei med rett til bruk (grunneigarar etc.) har nøkkel, og me rår i frå å bygge nye, permanente vegar inn i området.

Framlegg til vedtak

Villreinnemnda ser det som svært uheldig å etablere nye tekniske inngrep i villreinområdet då dette senker terskelen for liknande tiltak som kan bidra til å uroe rein. Av dei omsøkte prosjekta er det Kupekraft som har inntak i fjellområde nytta av villrein. Utbygginga i seg sjølv vil, etter gjennomført anleggsfase, truleg ikkje gje skadeverknader på rein. Anleggsarbeidet vil kunne føre til at rein skyr områda. Særleg er omfattande helikopteraktivitet ei stor påkjenning for dyra.

Villreinnemnda vil be om fylgjande avbøtande tiltak:

- Stopp i anleggsarbeidet dersom det kjem rein inn i dalen med anleggsaktivitet eller på fjellryggane direkte ovanfor anleggsområda, med igongsetting att når dyra reiser vidare.
- Krav om tilbakeføring til naturleg vegetasjon i røyrгатаtraseane for alle prosjekta. Det bør ikkje tillatast traktorveg til Stegsvatnet.
- Trasear for helikopterflyging bør fylgje dalføret, der ein unngår overflyging av fjellryggane som ligg aust- og vest for inntaka i samtlege prosjekt.

Me vil vidare be om å få innsikt i, og høve til å kome med innspel til aktuelle landskaps- og miljøplanar som vert laga i utbyggingsprosjekta for dei 3 prosjekta som ligg på nordsida av Jølstravatnet (Øvrebø, Helgheim og Kupekraft).

Vedteken uttale


Med helsing villreinnemnda for Sogn og Fjordane

leiar

sekretariat

sign.

Astrid Eitrheim Lerum



Per Aksel Knudsen

Villreinnemnda for Sogn og Fjordane

Kopi til:

Gloppen kommune

Jølster kommune

Førdefjella villreinutval

Verneområdestyret for Naustdal- Gjengedal landskapsvernområde

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Sogn og Fjordane fylkeskommune

Miljødirektoratet

Klima og miljødepartementet

Villreinrådet